



Øistein Sandstå Jacobsen
Nyhavn 17
5042 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/1660 - 22/30585

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
20.04.2022

Løyve til oppføring av avkjørsel med 2 parkeringsplassar til hytte - gbnr 1/14 Flatøy

Administrativt vedtak: **Saknr: 439/22**
Tiltakshavar: Solveig Helen Sundt
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK:

Alver kommune gjev løyve til å etablere ny avkjørsle frå kommunal veg til eksisterande hytte i Flatøyvegen 220 med heimel i veglova §§ 43 med tilhøyrande regelverk.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den støtter tekniske krav til avkjørslar som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein kan snu på eigen grunn.
- Sikt i avkjørsle vert sett til minimum 4 x 45 meter (jf. Vegnormal N100 Krav til sikt Fig. 4.27, Tabell 2.1 (stoppsikt L1) og Tabell 4.6 Siktkrav L2). Siktsona skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Geometrisk utforming av avkjørsle: På dei to første metrane skal avkjørsle ha eit jamt fall på 5 cm frå kant kommunal veg før avkjørsleveggen stiger (jf. forskrift

om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg»). Maks stigning skal være 1:8.

Kommunen kan, under særs vanskelege forhold tillete eit jamt fall frå kommunal veg på 3cm på den første meteren. På dei tre neste metrane skal avkjørsla være horisontal før avkjørselsvegen stiger (jf. lengdeprofil på kommunen sin heimeside). Maks stigning er satt til 1:8.

Føremål med geometrisk utforming er å sikre at overvatn ikkje vert ført ut på kommunal veg, samt sikre at kjøretøy står i samme nivå som kommunevegen.

- Svingradius i avkjørsle vert sett til minimum 4 meter (jf. forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg»). Svingradius definerer avkjørsla og skal sikre at kjøretøy står vinkelrett på kommunal veg, slik at fører får god oversikt over trafikksituasjonen i og langs kommunal veg. Radiusen skal også sikre at kjøretøy kan svinge inn i og ut frå avkjørsla i begge retningar. Svingradius er gitt for kjøretøytype – personbil.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn i og ut i frå kommunal veg.
- Under avkjørsla skal det leggst ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200 mm (jf. forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg») Dreneringsrør skal leggst slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.

Det er med heimel i Veglova §§40-43, forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg, samt Vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå kommunal veg.


Tiltaket

Saka gjeld søknad om ny avkjørsel frå kommunal veg Flatøyvegen KV2101 til 2 parkeringsplassar knyttet eksisterande hytte i Flatøyvegen 220. Det er ikkje teke stode til parkeringsplassar eller dispensasjon frå byggjegrænse mot kommunal veg for etablering av parkeringsplassar i denne saka etter plan-og bygningslova, det er berre vurdert utvida bruk av avkjørsle og etablering av ny avkjørsle frå kommunal veg KV2101 etter veglova.

Det skal sendast eigen byggesøknad etter PBL for oppføring av tiltaket i regi av ansvarleg søker før igangseting.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Flatøy sør-aust er definert som bustadføremål. Avkjørsle er ikkje vist i reguleringsplan.



Kommunal veg er etablert som ei eifeltsveg med to køyreretningar. Det er ikkje etablert fortau langs vegen og private avkjørsler skal fungerer som møteplasser. Da vegen er ikkje skilta med særskilt fartsgrense, vil fartsgrense følgje av Vegtrafikklova § 6.

CK Nor Bygg AS har vore i kontakt med vegavdelinga vedrørende krav til avkjørsler frå kommunal veg. Det er da spesielt med omsyn til sikt, svingradius og geometrisk utforming av avkjørsle CK Nor Bygg AS ikkje er eining i. Dei meiner at Alver kommune skal ha eige Vegnorm da Vegdirektoratet i regelverk har tillete dette. Vegavdelinga har gitt tilbakemelding om at vi ikkje har luktast med å få godkjent ei slik norm og at kommunen difor må følgje Vegdirektoratet sitt regelverk.


Regelverk som gjeld i Alver kommune og som CK Nor Bygg AS ikkje er eining i:

1. Krav til sikt (jf. Vegnormal N100)

KRAV 4.72 **SKAL** GJELDENDE FRA 22.06.2021

For avkjørsler skal sikt sikres i henhold til [Figur 4.27](#) og [Tabell 4.6](#)

[Figur 4.27](#) — Sikt i avkjørsler (L2 måles fra kantlinje).



[Tabell 4.6](#) — Sikt i avkjørsler, L2.

Trafikkmengde i avkjørsel	Fartsgrense 30 og 40 km/t	Fartsgrense 50 og 60 km/t	Fartsgrense 80 og 90 km/t
ÅDT < 50	3	4	6
ÅDT > 50	4	6	8

KRAV 2.17 **SKAL** GJELDENDE FRA 22.06.2021

Fri sikt langs gater skal være minst lik stoppsikt, jf. [Tabell 2.1](#)


[Tabell 2.1](#) — Stoppsikt for gater (mål i m).

	Fartsgrense 30 km/t	Fartsgrense 40 km/t	Fartsgrense 50 km/t	Fartsgrense 60 km/t
Stoppsikt	20	30	45	60

2. Krav til geometrisk utforming av avkjørsle (jf Vegnormal N100 og pkt. 3 i forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg)

På de første 2 m fra vegkanten, skal avkjørselen ha et jevnt fall fra vegkant på 2,5 %. Vertikalkurve med radius ≥ 40 m (lavbrekk) eller ≥ 60 meter (høybrekk) benyttes som overgang til avkjørselens videre forløp. På de nærmeste 50 m fra vegen skal avkjørselen ha fall eller stigning på maksimalt 1:8 (12,5 %).


Figur 4.26 — Krav til vertikal linjeføring i avkjørsler (mål i m).



3. Krav til svingradius (jf. pkt 4 i forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg)

Avkjørsler med liten trafikk (ÅDT < 50 eller færre enn 10 boenheter) skal hjørneavrundingen utføres som en enkel sirkel med radius $R = 4$ m.

Detaljteikning for avkjørsle



Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert oppdatert situasjonsplan, lengdesnitt i egen sak 21/10623 i uttale datert 22.03.22. I vilkåra i løyve ovanfor har vi vist til regleverk der vilkåra er heimla.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1660

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Solveig Helen Sundt

Trygve Nilsens 1061
vei 36 A

OSLO

Mottakarar:

Øistein Sandstå Jacobsen

Nyhavn 17 5042

BERGEN